



## FYLKESMANNEN I TELEMARK

### Løyve etter forureiningslova for Bø kommune til utslepp av kommunalt avløpsvatn – Bø reinseanlegg – Bø tettbygd strok

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, § 11 jf. § 16, § 22 og § 40, og forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 14-4.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 14.06.2013 med vedlegg, suppleringar av 17.06.2013 og 07.08.2013 samt opplysningar som har kome fram under den vidare handsaminga av søknaden.

Løyvet omfattar både minimumskrava i forureiningsforskrifta kap. 14 frå § 14-5 til § 14-11, samt andre krav fastsett av Fylkesmannen som forureiningsstyresmakt etter forureiningslova og forureiningsforskrifta. Alle vilkår går fram av dette løyvet.

Dette løyvet kjem i staden for tidlegare løyve datert 04.07.1972 og gjeld frå dags dato.

#### Data om verksemda:

<b>Ansvarleg verksemd</b>	Bø kommune – Teknisk eining
<b>Namn tettbygd strok</b>	Bø
<b>Namn anlegg</b>	Bø reinseanlegg
<b>Lokalisering av anlegg</b>	Slåttunvegen 70, 3802 Bø
<b>Postadresse</b>	Bø kommune, Postboks 83, 3833 Bø i Telemark
<b>Kommune-nr/ kommune</b>	0821/Bø
<b>Organisasjonsnummer</b>	976 668 448, undereining av 962 276 172 Bø kommune
<b>Gards- og bruksnummer</b>	gnr 6/ bnr 15
<b>UTM-koordinat, Ø/N</b>	Anlegg: 506265/6586000 - Utsleppspunkt: 506444/6586043
<b>NACE-kode og bransje</b>	37.000 Oppsamling og behandling av avløpsvann

#### Referansar for Fylkesmannen

Sak nr	Løyve nummer	Anleggsnummer	Risikoklasse <sup>1</sup>
13/1044	2014.420.T	0821.0015.01	2
Løyve gitt	Endrings nummer	Sist endra	
09.02.2015	-	-	

#### Underskrift:

Ingvar Oland underdirektør miljøvernavingdelinga	Gunnar Djuvik senioringeniør
--	---------------------------------

*Dette løyvedokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

<sup>1</sup> Jfr. forurensningsforskriftens kapittel 39 om gebyr til statskassen for arbeid med tillatelse og kontroll etter forurensningsloven

## **1. Rammer for løyvet**

### **1.1 Omfang**

Løyvet gjeld utslepp av avløpsvatn frå Bø reinsedistrikt i Bø kommune med inntil 9 600 personekvivalentar (pe) med utslepp til Bøelva.

Reinsedistriktet er definert på kartskisse datert 12.06.2013 som følgjer søknad. Kartskissa viser eksisterande og framtidig planlagte område med tilknytning til Bø reinseanlegg og hovudleidning avløp.

Kommunen skal ha oppdatert dokumentasjon på utbreiinga av reinsedistriktet i areal og storleiken i pe berekna som BOF<sub>5</sub> etter NS 9426 eller anna. Ved utbygging av infrastrukturen i området eller ved vesentleg utviding av verksemd som fører med seg at reinsedistriktet vert utvida, skal ein justere grensene for reinsedistriktet. Om det er føremålstenleg for vidare oppfølging av dette løyvet, kan ein definere delområde innafor reinsedistriktet.

Løyvet omfattar avløpsanlegg for transport og handsaming av kommunalt avløpsvatn. I tillegg omfattar løyvet òg krav til slamhandsaming, og det kan vere aktuelt å sette nærare krav om overvaking av resipient.

Ein skal drive, halde ved like og fornye anlegget i eit langsiktig perspektiv, slik at funksjon og yting heile tida er slik det er venta og er stabil trass i variasjonar i last og klimatilhøve.

### **1.2 Miljømål**

Føremålet med løyvet er å verne miljøet mot uheldige verknader av utslepp av avløpsvatn, for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i dei vassførekomstane det gjeld. Dette inneber krav om tilfredsstillande oppsamling, transport og reinsing av avløpsvatn, medrekna tiltak for å hindre forureining frå overløpsutslepp og lekkasjar frå leidningsnett. I tillegg er det sett krav til kontroll av tilførsler av overvatn ved at ein må å syte for å ha oversikt over inn- og utleking. Vasskvalitet i Bø- elva, som ligg i Midtre Telemark vassområde, skal minst tilfredsstillende måla for god økologisk tilstand, jf. Vannforskriften<sup>2</sup>.

## **2. Utslepp til vatn**

### **2.1 Oppsummering av tidfesta vilkår og tilhøyrande tidsfristar**

Tabell 1 – tabellen synar oppsummering av tidfesta vilkår og tilhøyrande tidsfristar som går fram av løyvet:

<b>Tiltak</b>	<b>Tidsfrist</b>	<b>Sjå vilkår</b>
Oppstart av avkloakkerings- og separeringstiltak for Forberg, sjå Hovudplan, avsnitt 1.4, tiltak nr 7 Avløpsnettet	01.01.2016	2.3.1
Gjennomføre tiltak etter handlingsplan basert på framtidig oppdaterte ROS-analysar	Etter behov	2.2
KOSTRA-rapportering	15. februar årleg	11.1

<sup>2</sup> Forskrift om rammer for vannforvaltningen – Vannforskriften - <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-12-15-1446>

## 2.2 Generelle tilhøve

- Gjennomført og planlagt utbygging av avløpsanlegg for transport og reinsing av kommunalt avløp skal dokumenterast i kommunal avløpsplan (hovudplan avløp og vassmiljø, saneringsplan eller tilsvarande).
- Kommunen skal ha kjennskap til om avløpsnett og reinseanlegg påverkar eller kan påverke sårbare naturtypar eller område som blir brukte av sårbare artar. Ein må vise særleg aktsemd når ein planlegg nye leidningstrasear og ved graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke naturmangfaldet.
- Kommunen pliktar å etablere internkontroll i medhald av Internkontrollforskriften.<sup>3</sup> Internkontrollen skal sikre og dokumentere at ein overheld krav i dette løyvet, i forureiningslova, produktkontrollova og relevante føresegner til desse lovene.
- Kommunen pliktar å holde internkontrollen oppdatert og ha oversikt over tilhøve knytte til avløpsanlegga som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikotilhøve.
- Risikovurderingar skal oppdaterast jamleg og ved vesentlig endring. Trong for tiltak som vert avdekt gjennom oppdaterte risikovurderingar, skal gå fram av tiltaksplan/handlingsplan og gjennomførast innan fristar fastsett i denne. Det vises til rapport 197/2013 Avløpsanlegg - Vurdering av risiko for ytre miljø<sup>4</sup>, utgitt av Norsk Vann, som gir vegleiing for arbeid med risikovurderingar og som vi rår til vert nytta

## 2.3. Krav til avløpsnettet

### 2.3.1 Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn

- Kommunen plikter å ta imot alt avløpsvatn frå det definerte reinsedistriktet. I takt med utbygging og sanering av deler av avløpsnettet skal ein sikre størst mogleg grad av tilknytning. Det bør vere eit mål å oppnå 100% tilknytning.
- Alle nye utslepp frå bustader, fritidsbustader o.a. i reinsedistriktet skal ein som hovudregel knytte til reinseanlegget.
- Alle eksisterande utslepp frå bustader, fritidsbustader o.a. i reinsedistriktet skal ein som hovudregel knytte til reinseanlegget. Om ein ikkje skal knytte eksisterande utslepp til, må kommunen kunne dokumentere at eksisterande separate avløpsanlegg fungerer tilfredsstillande etter gjeldande føresegner og har reinseeffekt svarande til det kommunale anlegget.
- Tilknytning til kommunalt avløpsnett for eksisterande busetnad o.a. i reinsedistriktet skal følgje tidsplan vist i tabell 2 nedanfor.

---

<sup>3</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996, nr 1127

<sup>4</sup> Sjå vegleiar frå Norsk Vann via følgjande lenke: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2013/August-2013/Veileder-for-ROS-analyser-ved-avlopsanlegg/>

**Tabell 2**

- tidsplan for tilknytningstiltak på leidningsnett:

År	Område	Tiltak	Effekt av tiltak
Frå 2016	Forberg	Forlenge avlaupsleidning frå Lønnestad og påfølgjande sanerings-tiltak for den einskilde bustad	Sanering av anlegg for 24 – 42 bustader

- Tilknytning av bustader, fritidsbusetnad og anna verksemd kan ein sjå bort frå om ei kost-/nytte-vurdering tilseier det. Om kostnadene ved tilknytning er mindre enn kostnadene ved etablering av nytt separat reinseanlegg, type minireinseanlegg med dokumentasjon etter NS-EN 12566-3:2005+A2:2013, skal det krevjast tilknytning til kommunalt anlegg. Om tilknytning til kommunalt anlegg vil bidra til å løyse openberre lokale miljøproblem med til dømes lokal hygienisk tilstand, lukt og anna, kan kommunen krevje tilknytning sjølv om kostnadene ved tilknytning er høgre enn kostnadene for etablering av separat anlegg.
- Kommunen skal til ein kvar tid ha oversikt over nye utbyggingar, endringar i arealbruk, nye tilkoplingar o.a. som medfører endring av den samla utbreiing og storleik på det tettbygde stroket. Dersom storleiken på det tettbygde stroket overskrider storleiken i pe som løyvet omfattar, skal ein varsle Fylkesmannen slik at løyvet kan oppdaterast.
- For påslepp frå næringsverksemd i reinsedistriktet vert det vist til vilkår 2.6.

**2.3.2 Krav til kontroll med overvatn tilført avløpsnett**

- Overvatn skal separerast frå sanitært avløpsvann for å redusere utslepp frå avløpsanlegget.
- Ein skal kunne dokumentere at val av kurver for intensitet og varighet for dimensjonerande tilrenning til avløpsnett er tilstrekkelig oppdaterte og tek omsyn til forventa klimaeffekt.
- Det skal gjennomførast tiltak kontinuerleg ved behov for å redusere tilførsler av overvatn til avløpsnett. Som aktuelle tiltak bør ein inkludere alternativ lokal handtering av overvatn.

**2.3.3 Krav til utslepp via overløp medrekna naudoverløp**

- Det er ikkje tillate med ordinære overløp som avlastar avløpsnett, til dømes regnvassoverløp. Det einaste forureiningstapet som er tillate frå avløpsnett er naudoverløp ved pumpestasjonar ved straumbrot, pumpehavari eller anna naudsituasjon.
- I pumpestasjonar skal det installerast sensorar som gjev alarm når naudoverløpet trer i funksjon. Feil og driftsstansar som medfører utslepp av ureinsa avløpsvatn via lekkasje på nettet eller i pumpestasjonar skal varslast til driftssentral, vakt eller anna løysing. Større utslepp skal varslast til Fylkesmannen i høve instruks for varsling. Det

skal være registrering av kor mange gonger naudoverløp ved pumpestasjonar er i drift og driftstid for desse.

- Kommunen må fastsette responstid for utbetring av feil som fører til naudoverløp. Dette bør ein gjere som del av risikovurdering, jf. vilkår 2.2, der ein mellom anna tek omsyn til resipienttilhøve o.a.
- Ein skal mengdemåle eventuelle overløp i eller ved reinseanlegget som har som føremål å avlaste reinseanlegget. Dette gjeld overløp/naudoverløp i reinseanlegget før reinseprosessen i punkt 967-200-304 etter innløpspumpesump BX001, jf. teikning av prosessdelen 17.03.2013. Sjå forurensningsforskriften § 14-11 med omsyn til prøvetaking.
- Utslepp via naudoverløp skal ikkje føre til forsøpling, og ein skal gjennomføre naudsynte tiltak for å sikre dette.

## 2.4. Krav til utslepp frå reinseanlegg

- Reinseanlegget skal dimensjonerast, byggast, drivast og haldast ved like av fagkunnige slik at det har tilstrekkelig yteevne under alle forhold. Ved utforminga av anlegget skal det takast omsyn til variasjonar i mengd avløpsvatn i løpet av året. Reinseanlegget skal utformast slik at ein kan ta representative prøver av det tilførte avløpsvatnet og av det reinsa avløpsvatnet. Mengd avløpsvatn skal ein måle med ei maksimal uvisse på 10% for totalt utslepp, inkludert overløp.
- Reinsa avløpsvatn skal ein føre ut i Bøelva på ei slik måte at innblandinga i vatnet vert best mogleg og slik at strandlina ikkje vert påverka. Utslepp kan skje via eksisterande avløpsleidning til utslippspunkt på djupt vatn, jf. kartskisse datert 06.08.2013 i søknad.
- Det er ikkje tillate å sleppe ut avløpsslam eller ristgods i vassførekomst.
- Krav til reinsing er vist i tabellen under. Krava gjeld for utsleppskonsentrasjon gitt som mg/liter og for reinseeffekt gitt som prosent. Avlasting frå overløp tilknytt reinseanlegget er inkludert i reinsekrava. Prøver av  $KOF_{Cr}$  og  $BOF_5$  må minst oppfylle anten krav til konsentrasjon eller reinseeffekt.

Tabell 3 – Reinsekrav:

Reinseanlegg/ resipient/ resipient-type	Kontrollparameter					
	Fosfor - P tot		Organisk stoff - $BOF_5$		Organisk stoff – $KOF_{Cr}$	
	mg/l	Reinse- effekt %	mg/l	Reinse- effekt %	mg/l	Reinse- effekt %
Bø reinseanlegg/ Bøelva/ elv, følsamt område	-	90	25	70	125	75

## 2.5 Krav til prøvetaking inkludert analyseparameter, metode, analyser og vurdering

### 2.5.1 Uttak av prøver

- Kommunen skal syte for at det vert teke prøver av tilført og reinsa avløpsvatn. Når prøver vert tekne, skal vassføring målast med en uvisse på maksimalt 10% og registrerast. Verksemder som utfører prøvetaking, medrekna konservering, skal vere

akkrediterte for prøvetaking eller ha eit tilsvarende kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av ein kvalifisert nøytral instans.

- Prøvene skal vere representative for avløpsvatnet og skal takast ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonalt system for prøvetaking. Prøvene skal takast med jamne mellomrom gjennom året. Tidspunkt for prøvetaking skal vere i samsvar med ein tidsplan oppsett på førehand i internkontrollen til verksemda. Prøvene skal takast vare på og eventuelt konserverast i samsvar med Norsk Standard eller annan velkjend laboratoriepraksis.
- Det skal minst takast 12 prøver årleg frå avløpsanlegget, jf. krav i forurensningsforskriften §14-11 for anlegg mellom 1.000 og 10.000 pe. Det skal takast blandprøver for døger når prøven skal analyserast for BOF<sub>5</sub> og KOF<sub>Cr</sub>. Det skal takast blandprøver for døger eller veke når prøva skal analyserast for tot-P. Inntil 2 prøver kan vere over konsentrasjonskravet eller under renseeffektkravet for BOF<sub>5</sub>, KOF<sub>Cr</sub> og evt SS.
- Dersom prøvetakinga av utløpsvatnet er lokalisert slik at prøva ikkje inkluderer avløpsvatn som går i overløp i eller ved reinseanlegget, skal ein måle eller berekne overløpsbidraget og rekne dette med i reinsegraden.

### 2.5.2 Oppfylling av reinsekrav

- Alle reinsekrav skal oppfyllest innafor dei fastsette midlingstidene.
- Reinsekrav skal dokumenterast for kvart prøvedøgn/ kvar prøveveke. Ein skal rekne ut årleg renseeffekt og utløpskonsentrasjonar som eit gjennomsnitt av enkeltverdiar. For fosfor vert kravet definert som middelveidien over eit kalenderår.
- Ved vurdering av analyseresultat skal det ikkje takast omsyn til ekstreme analyseverdiar om dei skuldast uvanlege tilhøve.
- Leidningsnett er basert på separatsystem. Avrenning frå snøsmelting og nedbør der dårleg leidningsnett er hovudårsaka, er ikkje å rekne som uvanlege tilhøve.
- Eventuelle annulleringar av prøver grunna uvanlege tilhøve skal grunngjevast og dokumenterast. Det skal alltid takast ut prøver og gjerast analysar, sjølv om dei omstende og tilhøve som ligg føre gjev grunn til å tru at det har vore uvanlige tilhøve. Annullering av prøver kan gjerast på grunnlag av dei analyseresultat som ligg føre.<sup>5</sup>
- Kommunen pliktar snarast å varsle Fylkesmannen dersom utsleppet er overskride med 100 % eller meir av reinsekrava.

### 2.6 Krav til påslepp frå næringsverksemd

- Påslepp av prosessvatn frå næringsverksemd til kommunalt nett skal skje på ei slik måte slik at krav til utslepp frå leidningsnett og reinseanlegg vert tilfredsstilt.
- Kommunen kan fastsette nærare krav om reinsing og krav til påslepp etter forurensningsforskriftens § 15 A-4. Det vil seie at kommunen kan stille krav for å

<sup>5</sup> Sjø TA 2220/2007. <http://www.miljodirektoratet.no/old/klif/publikasjoner/2220/ta2220.pdf>

verne leidningsnett, reinseanlegg, slam eller arbeidsmiljø. Kommunen må ha internkontrollrutinar for oppfølging og revidering av påsleppsavtaler.

- Generelt gjeld at nokre verksemdar i tillegg kan ha særskilte vilkår om utslepp i eventuelle løyve frå Fylkesmannen eller Miljødirektoratet, eller dei er regulert via krav i forurensningsforskriften.

## 2.7 Krav til systematisk vedlikehald og fornying

- Kommunen skal ha internkontrollsystem for verksemda sine aktivitetar med planlegging, organisering, utføring og vedlikehald av avløpsanlegget. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at avløpsnett og tilhøyrande komponentar som kummar, pumpestasjonar og overløp vert halde ved like på ein slik måte at den funksjonen ein ønskjer, heile tida vert halde ved lag. Rutinar for drift og vedlikehald av avløpsanlegga skal vere i samsvar med føresegn om internkontroll.
- Kommunen skal fastsette mål og tidfeste delmål for å etterkome krava til funksjon for avløpsanlegget, ha oversikt over inn- og utlekk av framandvatn til og frå avløpsnett og kunne dokumentere god kontroll med korleis avløpsnett fungerer.

## 2.8 Avløpsslam

- Kommunen plikter å syte for at alt avløpsslam som skal brukast til gjødsel eller jordforbetring vert handtert i samsvar med gjødselvereforskrifta<sup>6</sup>. Ved prøvetaking av slammet skal ein nytte velkjende metodar for å oppnå representative prøver.
- Innhaldet av miljøgifter i avløpsvatn og slam skal ein avgrense så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Kommunen skal ha etablert og sett i verk eit system for informasjon og kjeldesporing som sikrar at tilførsler frå potensielle punktkjelder vert haldne på eit minimum.
- Samandrag av prøvetaking og analysar inkludert vurdering av resultata med konklusjonar skal vere med i årsrapportane for reinseanlegget, sjå vilkår 12.2.

## 3. Utslepp til luft

- Luktbelastning frå reinseanlegg, slamhandsamingsanlegg, pumpestasjonar, overløp, kummar og eventuelle lufteinnetningar skal ikkje overstige følgjande immisjonskrav:

Tabell 4: Immisjonskrav - luft

Type omgjevnad	Konsentrasjon av luktemne i luft	Maksimal frekvens for lukthendingar pr måned
Ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, skular, barnehagar eller liknande	1 ouE/m <sup>3</sup>	99 prosent timefraktil
Ved industriverksemd eller liknande	2 ouE/m <sup>3</sup>	99 prosent timefraktil

<sup>6</sup> Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4.7.2003, nr 951.

Omgrepet «timefraktil» vert rekna som eit statistisk utval der 99 prosentil tydar at i 99 prosent av timane i ein månad skal ein overhalde immisjonskravet, men det er rom for at immisjonen kan være sterkare i 1 prosent av timane i ein månad. Det vil seie at det kan vere luktutslepp i konsentrasjonar som er over immisjonsgrensa 7 timer per månad. Sjå nærare info om dette i publikasjon TA-3019 frå Miljøverndirektoratet<sup>7</sup>.

- Lukt skal vere ein driftsparameter for heile avløpssystemet, og kommunen skal ha oversikt over kjelder og vurdere trong for tiltak og eventuell effekt av gjennomførte luktreduserande tiltak.
- Før det vert bygd nye anlegg og komponentar som pumpestasjonar, kummar, uteareal og leidningar, må kommunen vurdere moglege kjelder til lukt, og ein må vurdere om nærleik til busetnad og ferdsel samt terrengtilhøva kan skape luktkonfliktar.
- Kommunen skal ha et system for registrering og loggføring av innkomne luktklager som er knytt til geografisk stad og tid. Ein bør vurdere klagene mot værddata, vurdere årsakene til luktutsleppet og omtale kva for moglege tiltak ein kan gjere. Denne informasjonen skal ein gjere kjent for klager og for ureiningsmynda.
- Som del av årsrapport jf. vilkår 12.2, skal kommunen rapportere talet av luktklager og vurdere talet av lukthendingar det siste året. Ein skal omtale årsak til dei enkelte luktklagene/ lukthendingane, og eventuelle tiltak som er gjennomført for å avgrense/stanse utsleppet. Om driftstilhøva vert endra skal rapporten inkludere ei oppdatert risikovurdering.

#### **4. Støy**

- Utandørs støy frå reinseanlegg og frå andre installasjonar på avløpsnett (pumpestasjonar o.a.) ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, skular, barnehagar o.a. i nærleiken, skal ikkje overskride følgjande grenser:

Tabell 5: Immisjonskrav - støy

<b>Dag</b> <b>(kl. 07–19)</b>	<b>Kveld</b> <b>(kl. 19–23)</b>	<b>Natt</b> <b>(kl. 23–07)</b>	<b>Søn-/ helgedagar</b> <b>(kl. 07–23)</b>	<b>Natt</b> <b>(kl. 23–07)</b>
<b>LpAekv12h</b>	<b>LpAekv4h</b>	<b>LpAekv8h</b>	<b>LpAeq16h</b>	<b>LA1</b>
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	50 dB(A)	60 dB(A)

- Støygrensene gjeld for støynivå målt eller berekna som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden. Dei gjeld all støy frå den ordinære drifta av reinseanlegga, inkludert intern transport på anleggsområdet og lossing/lasing av råvare, slam o.l. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport er likevel ikkje omfatta av grensene.

<sup>7</sup> Sjå TA-3019 <http://www.miljodirektoratet.no/old/klif/publikasjoner/3019/ta3019.pdf>



## **5. Forureina grunn**

- Når det skal leggjast nye avløpsleidningar, skal kommunen ha kjennskap til om leidningsnettet vil liggje i område med forureina grunn eller forureina sediment i elv og sjø. Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, treng løyve etter forureiningslova, eller i somme tilfelle godkjenning frå kommunen i medhald av forurensningsforskriften<sup>8</sup>.

## **6. Akutt forureining – førebyggjande tiltak, varsling og beredskap**

### **6.1. Førebyggjande tiltak**

- Dersom det som følge av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.
- På basis av risikoanalyse skal kommunen setje i verk risikoreduserande tiltak. Både konsekvensreduserande og sannsynsreduserande tiltak skal vurderast. Kommunen skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka, som òg kan inkludere justering av beredskapen i kommunen.

### **6.2. Varsling av akutt forureining**

- Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>9</sup>. Internkontrollen skal òg gjere greie for kartlegging og vurdering av risiko for akutt forureining og annan uønskt påverknad av det ytre miljøet. Kommunen skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen ved følgjande hendingar:
  - akutt forureining på grunn av driftsstans som kjem av uhell eller langvarig straumbrot
  - unormale tilhøve som fører til eller kan føre til vesentleg forureining
  - utsleppskonsentrasjon på meir enn det dobbelte av gjeldande krav for ei akkreditert prøve

### **6.3 Beredskapsplan**

- Det skal som del av internkontrollsystemet vere ei operativ plan for større hendingar som kan sette avløpsanlegget ut av funksjon over lengre tid, medrekna brann, flaum o.a. Ein bør basere planen på ROS-analyse og knytte planen til den overordna beredskapsplanen i kommunen.

## **7. Resipientovervaking og rapportering**

- Kommunen skal etter nærare rettleiing frå Fylkesmannen medverke til jamlege resipientundersøkingar og overvaking i vassdrag som har relevans til utslepp frå reinsedistriktet, medrekna regionale samordna undersøkingar. Vidare kan Bø kommune få krav om å undersøke lokale verknader av forureining.

<sup>8</sup> Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid og kapittel 22 "Mudring og dumping i sjø og vassdrag"

<sup>9</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269

- Data frå undersøkingar av vasslokaliteter inklusiv sediment og biota, skal etter nærare avtale med Fylkesmannen registrerast i databasen Vannmiljø. Eventuelle data skal leverast på det importformat som gjeld for databasen Vannmiljø.<sup>10</sup>

## **8. Testing og substitusjon av kjemikaliar og råstoff**

- Med kjemikaliar meiner ein her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte, medrekna fellingskjemikaliar og hjelpekoagulantar, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannsløkkingsmiddel m.m.
- Kjemikaliar som vert nytta på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal vere testa med omsyn til toksisiteten, kor lett dei kan brytast ned og om dei kan bioakkumulerast.
- Kjemikaliar og råstoff som ved sine eigenskapar og sin bruk kan medføre skade på helse og miljø, skal ein så langt som mogleg skifte ut med alternativ som gjev mindre risiko. Det skal etablerast eit system for substitusjon.<sup>11</sup> Ein skal gjere løpande vurderingar av fare for skadelege verknader på helse og miljø som følgje av dei kjemikaliar og råstoff som vert nytta, og av om ein kan finne alternativ. Ein skal og vurdere skadelege verknader knytt til produksjon, bruk og eigenskapar i avfall. Der det er betre alternativ, pliktar kommunen å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

## **9. Tilsyn**

- Kommunen pliktar å la representantar for Fylkesmannen eller dei som har fullmakt frå han, føre tilsyn med anlegget når som helst.

## **10. Planlagt driftsstans**

- Om ein planlegg å leggje ned eller stogge reinseanlegg for ein periode på grunn av ombygging eller utbetring, skal kommunen gjere det som til kvar tid er naudsynt for å motverke fare for forureining. Aktivitetar som kan føre til fare for forureining, kan ikkje setjast i gang før Fylkesmannen har gitt mellombels unntak. Søknader om unntak frå gjeldande reinsekrav må ein difor sende Fylkesmannen i god tid.

## **11. Krav til årsrapportering – KOSTRARapportering**

- Kommunen skal rapportere avløpsdata til KOSTRA innan 15. februar kvart år. Rapporteringa må inkludere kommentarar til overordna kvalitative vurderingar for avløpsnett, reinseanlegg, slamhandtering, eventuell overvaking og gjennomførte utbetringstiltak, jf. vilkår 2.3.1.

---

<sup>10</sup> Gjeldende format for import av data til fagsystemet finnes her: <http://vanmiljokoder.klif.no>

<sup>11</sup> Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester av 11.06.1976 (produktkontrollloven), § 3a om Substitusjonsplikt